

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Bustrund

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Være

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Fygardsgrend

Oppskr. av: Torstein Hoffsgård

Gard:

(adresse): Rødberg

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det har ikkje gått føre seg noko
brigde i måten å transportera høy på
her i bygda frå gammalt av og til no

Det einaste kan vera at på litt større
brukt, der dei har hest på garden, har
dei i seinare tid teke til å skaffa seg
høyvogner til inntøysing av høyet frå
bøane heime, der det ikkje er for bratt
til å bukta vogn. Men for 30-40 år sidan
var ein slede med rustode tre-meiar
og grindar vanleg, av di han var lett
å handsama i bakkane og ikkje so
lett å skaka senn i sleingrummen
sann ei vogn.

Det seier seg sjølv at på større
gardar, som og ofte er flatare og betre
dyrka, brukar dei meir hestekrafta
til høypraktking enn på mindre og
brattare bruk, der dei ofte byt leiga eller
låne hest og soleis byt greia seg med
andre praktkemåtar, f. d. bering eller draing

I dei siste 30-40 åra har dei meir
og meir slakta å slå i tilmarka.

I staden har dei gjerdar ho til

til hannaehage for heimeteica om
 summeren, slitt at folka på garden kan
 få friskt mjølk når storparten av
 buskapen elles er på saka. Dette gjeld og
 helst dei litt større bruk som har jord
 nok å dyrka til vederlag for utmarka
 som er leiten til hanna. Men mindre
 bruk må nok ofte lura sanka motto
 for i utmarka.

Har dei ikkje heid, so vert det å
 bera. Før dei ikkje brukta det nyslegne
 gras på skaden, lyd dei då bera det fram
 til ein solrikt stad der dei brukar det, og
 so ber dei (~~det~~) høyet til ei løe anken
 i utmarka eller i eitkant av jorden.

Til dette arbeidet brukar dei helst
 risband (eil). Det er laga av ein lang,
 tynn bjørkerenssing, anslag 4,5-5 m.
 lang og 2-3 cm. i breidmål i rotenden

Foppen må han helst vera kløyvd i
 to greiner. Disse vert då kemma saman
 til ei lyktige som dei so slitt hin
 enden gjennom. So kan ein dra risbandet
 saman som ei stor runnesnare

Under arbeidet legg dei risbandet
 opp-med i bakken slik at enden med
 lyktiga er medel. Er då høyet eller
 gras smått og stult, må dei kemma
 det saman til ei "kemma" før dei legg
 det i risbandet. Dette arbeidet å kemma
 smått høy so det ligg i eit risband, er
 ikkje lurt med ein gang. Det kan vera
 vansteleg nok for övde folk. — Ein set
 då line foten fram med böygd kne

og kjemmer høyet mot leggen. Det gjer ein med å ta små bak med riva i høyhaugen framføre seg og presse det saman mot leggen. For å få kjemma til å ligga godt i risbandet, må ho vera 60-70 cm. breid, og er høyet skilt, må ein då skøyta det i kjemma. Det gjer ein som vist på nedlagte skisse

Når ein har fått nok i kjemma, pressar ein ho saman mot leggen med riva, sett so under ho med vinstre handa mede med foten og held ho med riva med høgre handa, og so lyftar ein ho bort i risbandet. Sidan lagar ein flere kjemmer på same måten og legg dei på einannan i risbandet, so mange - vanleg 3-4 - at ein har full bora. Då går medhjelparen bak bora, sett enden av risbandet og bøyer han opp og fram so beraren står i han. So sett beraren risband - enden og slitt han gjennom lyktja, hjelparen bak bora sett bak i risbandet like under lyktja, og beraren sett i risbandenden, som er skuttken gjennom lyktja, og so dreg dei risbandet saman som ei runnesnare kring høybora.



For kjemma

Når dei har dregi ho godt til, sett hjelparen under bora bak, beraren held i den frie risbandenden framføre lyktja, - han bør vera 40-50 cm lang, - so ropar beraren, begge lyfter bora opp. og beraren snur seg og set sksla

15

under risbandenden. Lønne lettas böra
so högt at dei får risbandenden heilt
over hovudet, og slitt held han då
risbandet med begge hender, böra
ligg no skött og godt, og hjelperen
tek no tre lille skött med fingrane
eller riva over böra for å pussa
av alt høy som heng laust so det
ektige skal drøga av på veggen, og
so går beraren med böra si. - Ho er
ofte so stor at ein batfra berre ser
den store høybumben og eit par legger
under som går og går, mest som
böra skulle "gå på eigne bein."

Har ein ingen hjelper, lyt beraren
sjölv dra böra saman so godt han
kan og få henne på seg. Det er tungt
og vanskeleg, og han lyt då greia seg
med knær og knep for å få dette
til. Han passar då gjerne på å vera
i ein liten bakke med böra. Når han
har fått risbandenden gjennom lyttga,
set han foten eller kneet innst og
og drag risbandet saman over böra.

So set han seg gjerne med under
böra, velter ho fram med risband-
enden over oksla og ris opp med ho.
Ekte på rister kan på seg so det lause
høyet drös av for han går.

Det er vanleg berre mannfolka som
ber høy. Hjelperen kan ofte vera ei kvinne,
- rattsleggenta, eller ein yngre gut.
- Når beraren har gått med böra, skal
hjelperen raka fint saman det som

ligg alt der dei har lita opp bora.
Det kallar dei elleratolm (ein), og han
ber dei da dit dei skal ha neste bor.

Speldmare brukar dei bang. Dei legg
da banget dobbelt. Dei legg det og
opp-med i batten som risbandet,
men med lyktja ovest. So kjemmer dei
i som nar dei har risband. Tangendane
tek dei gjennom lyktja og drag til
som ei rennesmare om bora. Derpa set
beraren seg ned med ryggen mot bora,
smekkar sin arm innom kvart av
kanga, so han far ut bang om kvar
oksel. - Han faslar seg jore, sier dei.

So tek han begge dei fine kugendane
fram alt over oksla og drag godt til,
so ris han med bora og gar; og han
ber godt pa denne maaten og.

Det er speldan i sumarkida at dei ber
hoy i sekke. Det kan heller vera om
vinsteren nar dei skal prakka hoyet
langt, at dei tek det i sekker, som dei
da tek i bang alt som ovanfor fortalt.

Layprestrug til hoyprakking har aldri
vori i bruk her i bygda, og heller ikkje
nokre slag killebar eller berebar for so.

Heller ikkje kjemmer eg til nokon form
for slodd til sturving eller draing pa
ber mark. Det einaste kan vera lette
stikjelkar med grindar som dei same
tider kan brukte til hoyprakking fra
sakrane pa skaren om varen, dersom
dei har hatt alt litt hoy der som dei
brug heime i varknipa.

Lederhøyet blir elles kjørt heim fyrst
 på vinteren. Vintervegen til sørane
 ligg helst eller myrar og vahn, og so
 snart dei har frosi godt til oss hånsten,
 og det har komi høveleg med snø, so
 tek høykøyringa til frå sørane


Det er gjerne fleire som mystar same
 veggen, og dei kjelpest då til med
 brøytinga. Vanleg er det den som er fyrst
 ferdig til å begynne, som får sett
 brøytinga i gang. Den er lett og fort
 undagjord når myrar og vahn er
 godt frosne og snøen er liten. Men
 det hender at snøen kjem stor og djup
 for myrane er frosne, og då vert det
 eit felt arbeid, for då er det berre blauf-
 myra under snøen, - ho frys ikkje-.

Då lyt dei til å brå veggen. Dei går
 2-3 i breidd og traktar - brår - snøen
 med fot for fot slik at det valnar
 oppi frå myra. Er dei da so heldige
 at det kjem ei frostnatt eller, so frys
 denne våle, samantvædde snøen til
 ein fast og hard sole, og so har dei
 snart god veg. Men er dei ueheldige so
 det kjem snø oft eller dei har brakk,
 so er det til å ba det heile opp att, og
 ein gang får dei allid veg som stund.

Sledane dei brukar er 3-4 m. lange
 og 70-80 cm. breie. Dei er laga av bjørk
 og oftast har dei skoning i under
 meiane, for da gler ~~to~~ dei lettare
 på snø- og isføre. Korleis ein slede er
 laga ser ein best av vedlagte skisse.

287

Heimelaga höyslede



I framkaren og i grindane og i grindfesta brukar dei vridne bjørkeviur.

På sebra ligger dei so på høyet utan å kjemne det, for boku og grindar skal vera so lette at dei held på høyet.

Ein må trå basset godt, skal ein på mykje på, og til slutt ligg det høgt over grindane. Då tett dei ein bjørkestaur net so lang som sleden. Han er festa til framkaren med ei ridje eller ein kangstump. So legg dei stauren over høyet, og pressar han ned mot bakkaren og snører han fast med eit kang i under. Denne stauren kallar dei benderåa (ei), og ho stöar basset godt. Sidan tett dei eit tunkt kang, - höykrosse (ei) - og drag ho over basset i sitt-sak frå grind til grind fleire gonger, smetter ho kvar gang under vore grindarmen og snører til. Dei seier at dei kjører basset, og då er det so godt snørt at dei kan velte sleden og rulle han rundt utan å misse nokk høi. Eit slitt lass kan mega

300-350 kg. So ber det på heimmeg.

8
Etter myrane og vatna innpå isane går det greitt, men når dei skal ned dei ofte brakte liene til garden, vert det verre. Då må dei setja store jarnletteje rundt meiane til nersed (bremsar), og endå går det ofte so smøroykten står elles, og det skal vera gode føles både på hest og kar for å halda seg oppreist.

På heimsakane brukar dei alltid å leggja alt noko høy, for dei flyt ofte tidleg til heimsaka med kyrne om våren (omlag 2-3 neter fine jomst), og då er det alltid godt å ha litt høy å satka til om hamma er stral og vest er kaldt so tidleg på våren. Difor vil ofte siste lasset fra heimsaka bli det minste dei høyret - eller ogso det største når det høner so at det vert for lite att til ei ny vending.

Dei brukar aldri meir enn ein hest for slede eller høyvogn. I stället heime på garden brukar dei no, som for forkalt, mest høyvogn med fire hjul og grindar, men i bakkar og ulende myskar dei ennso ofte slede utan skoring.

Han liknar i litt og alt vintersleden (sjå skissa!), men er sluttare og lettare.

Ein mellomting mellom vogn og slede er hjulsleden. Då sett dei berre sumarsleden og set han opp på ein hjulgang av ei vanleg høyvogn eller lassvogn, og set han fast der sois at hjula står litt bakfor midten av sleden

2
Han ligg då ned på jorda med framenden,
men spørke delen av ryngda på basset
vest krilande på hjula. Ein slit
hjulstede er praktisk og grei der det er
vondt å bruka høyrøgn.

Dei brukar alltid same køyresidstap
til kosmet som til høyet på gården,
og notom regel for kvar ein kunne
køyre med meiar eller hjul, og kvar
ein ikkje måtte køyra, har eg ikkje
høyrt notk om.

Summe tid kan eigaren leiga bort schar
eller annan slåttemark til lutars-
d. v. s. eigaren skal ha halvparten av
høyet i leige, og leigaren halvparten
til løn for arbeidet. Då ordnar dei det
ofte so at dei køyres eit lass skiftewis
til kvar av dei, og passas på at lassa
verð litt store. Eller dei kan og dele
høystam i løa i to lite store deler,
eller ha høyet i kvar sitt rom. o. s. v.